



Jonh Norleif Vaage
Eidsnesvegen 52
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13954 - 20/76471

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:
01.12.2020

Dispensasjon for oppføring av garasje - gbnr 215/71 Eidsnes ytre

Administrativt vedtak: Saknr: 1290/20
Tiltakshavar: Jonh Norleif Vaage
Søknadstype: Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-1

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gitt dispensasjon frå byggegrense mot sjø i kommunedelplanen for oppføring av garasje på gbnr 215/71 I samsvar med søknad.

Dispensasjonsvedtaket skal sendast til Fylkesmannen i Vestland for klagevurdering.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrense mot sjø for oppføring av garasje med BYA 42 m², på bustadeigedom i uregulert byggeområde for bustad. Det vert elles vist til søknad mottatt .

Saksbehandlingsfrist

Søknaden var komplett då han var mottatt 10.08.2020. Saksbehandlingsfristen er 12 veker frå denne datoen, pluss den tida saka har vore på høyring (4 veker).

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel er definert som byggeområde for bustad.

Soner i kommunedelplanen:

Føresegn : Omsyn naturmiljø H560_oN39 naturbeitemark

Plankart: Omsynssone friluftsliv
Yngle- og rasteområde ande- /spurvefugler

Bandlegging for omlegging av E 39: Det aktuelle tiltaket er så lite, at det ikkje skal sendast til Statens vegvesen på høyring

Heile denne halvøya ligg innafor funksjonell strandsone/byggegrense mot sjø. Det ligg ein privat veg mellom omsøkte garasje og sjøen.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå byggegrensa mot sjø

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Ønsker med dette å søke om dispensasjon til å bygge garasje i strandsonen på GBNR 215/71 Eidsnes ytre.
Byggeår for hus på eiendommen 1985, har kjøpt ny el bil, ønsker garasje for å ta vare på den best mulig.

Uttale frå anna styresmakt

Saka vart send på høyring til Alver kommune - Plan og analyse, til Fylkesmannen i Vestland og Vestland fylkeskommune.

Det er berre Alver kommune - Plan og analyse som har komme med uttale, og dei har ingen særskilte merknader.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering


Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan mottatt 10.08.2020.

Tilkomst, avkøyrsløse og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.



VURDERING:

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må liggje innafør ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom

dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompensere for ulemper dispensasjon kan medføre.

Omsynet bak byggjeforbodet i strandsona er å gje strandsona eit særskilt vern og halde den fri for tiltak for å sikre ålmenta sine interesser, spesielt ferdsle og friluftinteresser, landskapsomsyn og verneinteresser. Desse omsyna vil, i varierende grad, og gjerde seg gjeldande på ein bygd eigedom. Til dømes vil landskapsomsyn, her landskapsestetikk, tilseie at fysiske inngrep og/eller anlegg i strandlina lyt avgrensast.

Tiltaket er eit lite bygg på ein eigedom som frå før er utbygd og disponert til bustadføremål.

Omsøkte garasje vil ikkje setta omsynet bak strandsonevernet vesentleg til side og ikkje føra til auka privatisering eller negativ verknad på landskap eller naturmiljø.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå byggegrensa mot sjø er oppfylt.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova. Tiltaket er plassert midt inne på bebygd eigedom.

Plassering

Kommunen godkjenner omsøkt plassering.

Regelverk

- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Søknad en skal nabovarslast etter pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg, jf. pbl § 27-4.
- Alle tiltak etter pbl skal ha gode visuelle kvalitetar i samsvar med pbl §§ 29-2, jf 29-1.
- Kommunen kan gi dispensasjon med grunnlag i pbl § 19-2 andre ledd, men bør ikkje gi dispensasjon når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl § 19-2 fjerde ledd.
- Kommunen kan setje vilkår for ein dispensasjon, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.
- Tiltaket må ikkje kome i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

Mynde

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til **saknr.: 20/13954**

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jonh Norleif Vaage

Eidsnesvegen 5913
52

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Jonh Norleif Vaage

Eidsnesvegen 5913
52

EIKANGERVÅG